

Fra: "Nystad, Ingvild Hansen" <ingvild.hansen.nystad@statsforvalteren.no>
Sendt: torsdag 25. juni 2026 15:16:35
Til: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Emne: Høyringsuttale - Geiranger-Herdalen verneområdestyre-Fetegga Pumpestasjon
202106038

«Høyringsuttale 202106038»



Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde gjorde 19.06.26 einstemmig vedtak til høyringsuttale om Fetegga Pumpestasjon v Tafjord Kraft, sak 202106038:

«Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde vedtar fråsegn til høyring av bygging av Fetegga Pumpestasjon, slik som ho foreligg i sakshandsaming per 15.06.2026:

Høyringsuttale – Fetegga pumpestasjon

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde

Tiltaket ligg utanfor Geiranger–Herdalen landskapsvernområde, men i direkte nærleik til verneområdet og innanfor same funksjonelle høgfjellsøkosystem. Verneområdestyret vurderer at tiltaket kan påverke verneverdiane innanfor landskapsvernområdet.

I tråd med verneforskrifta for Geiranger–Herdalen landskapsvernområde, forvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap (delområde Geiranger) og naturmangfaldlova §§ 8–12, skal det leggjast vekt på å ta vare på samanhengande landskap, stille natur og leveområde for villrein som ansvarsart.

Vurdering av påverknader frå tiltaket

Søknaden inneber etablering av pumpestasjon ved Reindalsvatnet, regulering av vatnet (+/- 0,3 m), rørtrase, kabelanlegg og vesentleg redusert vassføring i elva ned mot Fetvatnet. Vidare vil tiltaket medføre anleggsarbeid, transport (inkludert helikopter) og varig teknisk infrastruktur i eit høgfjellsområde.

Tiltaket vil etter søknaden redusere vassføringa i den aktuelle elvestrekninga med om lag 50–60 % i middel. I tillegg kjem varig etablering av bygg og støy frå drift, samt spor etter anleggsarbeid og transport.

Desse forholda kan føre til påvirkning på verneområda rundt tiltaket i form av

- auka teknisk preg og fragmentering i eit elles relativt urørt fjellområde
- visuelle inngrep og redusert oppleving av ro i influensområdet
- varige endringar i heilskapleg vassdragsmiljø i området

Sjølv om deler av området er påverka av tidlegare inngrep, vil tiltaket flytte inngrepsgrensa vidare inn i område som i dag har større preg av urørt natur.

Inngrep i sårbart område for villrein

Tiltaksområdet ligg innanfor Reinheimen–Breheimen villreinområde, og inngår i villreinen sitt funksjonelle leveområde.

Verneområdestyret vil peike på at det er eit forvaltningsmål å:

- styrke mulegheita for samanhengande leveområde
- legge til rette for framtidig arealutviding, også mot nordvestlege område
- ikkje hindre reetablering av kalvingsområde og trekkvegar

Verneområdestyret legg til grunn at villrein er særleg sårbar for forstyrring frå støy, ferdsel og tekniske inngrep. Forvaltninga arbeider for å styrke trekkvegane mot nordvest for å kunne gjenskape og utvide arealbruken for den pressa villreinstammen frå Ottadalen. Endeleg kan det sjå ut som om trekkvegar, kalvings- og leveområde er i ferdd med å ta seg opp att. Det vil derfor vere svært uheldig om ei utbygging skal kunne forstyrre denne rørsla vestover.

Ei utbygging krev såleis nye utgreiingar og oppdateringar når det gjeld omsyn til denne sårbare arten. Både anleggsfase og driftsfase kan gi unnviking og barriereeffektar, og må takast med i vurderinga av ei slik bygging.

Den samla belastninga på leveområda til villreinstamma er avgjerande. Anleggsfasen med helikoptertransport og aktivitet i området vurderast som særleg kritisk, og bør sjåast i lys av dette. Driftsfasen vil tilføre varig støy og ferdsel i eit område som i dag i stor grad er stille.

Dette er ein viktig del av naturleg dynamikk og avgjerande for å betre tilstanden til villreinbestanden, som i dag er under press.

Utbygginga rundt Fetegga Pumpestasjon må risikovurderast mot å :

- redusere potensialet for slik arealutviding
- forsterke barriereeffektar i området
- bidra til å låse arealbruken i ein redusert tilstand

Dette vil vere i strid med behovet ein trua villreinbestand har for meir areal og auka fleksibilitet.

Samla vurdering

Verneområdestyret vurderer at tiltaket, sjølv om det ligg utanfor verneområdet, kan ha negative konsekvensar for verneverdiane innanfor landskapsvernområdet:

- negativ påvirkning på samanhengande landskap og stille natur
- ytterlegare fragmentering av villreinen sitt leveområde
- auka forstyrring i både anleggs- og driftsfase
- svekka mulegheit for framtidig arealutviding og økologisk gjenbruk av område

Etter naturmangfaldlova § 10 skal påverknad vurderast samla, og føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at omsynet til villrein skal vege tungt ved usikker kunnskap.

Konklusjon

Verneområdestyret er kritisk til tiltaket slik det ligg føre. Sjølv om inngrepet er plassert utanfor verneområdet, vurderer styret at det kan påverke verneverdiane innanfor gjennom auka forstyrring, fragmentering og svekking av leveområde for villrein.

Det må i vidare utgreiing og vedtak leggjast avgjerande vekt på:

- å unngå ytterlegare samla belastning
- å sikre mulegheit for framtidig arealutviding for villrein
- å ta vare på samanhengande og lite påverka fjellandskap»

Med venleg helsing
Ingvild Hansen Nystad
verneområdeforvaltar



**Geiranger-Herdalen
landskapsvernområde**

Telefon: +4792820034
E-post: ingvild.hansen.nystad@statsforvaltaren.no
Web: www.statsforvaltaren.no/mr